

Saksdokument til kommunestyret

Interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland - vedtak av arealplan

Bakgrunn

Hausten 2020 gjorde kommunestyra i dei 8 kommunane (Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modale, Osterøy og Vaksdal) vedtak om å opprette eit interkommunalt planutval (IKPU).

Kommunestyret sitt vedtak – hausten 2020:

1. *NN kommune vedtar å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.*
2. *Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i NN kommune.*
3. *NN kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.*
4. *NN kommune vel xx til medlem med xx som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.*

Kommunestyret delegerte planmynde til IKPU. Kapitel 11 i plan og bygningsloven set rammer for planlegginga med kva type formål og føresegner som kan gjevast i planen. Ein interkommunal plan er ikkje ein «overkommunal plan», men ei samansetting av fleire formelt sjølvstendige kommunale planar «bygd» på ein heilskapleg vurdering.

Organisering

Det interkommunale Planutvalet (IKPU) er eit politisk oppnemnd styre som har leia planarbeidet jfr. pbl § 9-2. Dei deltakande kommunane har overført mynde til å treffe vedtak om planprosessen til IKPU, jfr. § pbl 9-3. IKPU har ansvaret for å legge politiske føringar for planen sitt mål og innhald. IKPU vedtar forslag til planomtale, plankart og føresegner, gjennomfører offentlig ettersyn og innstiller det endelege planforslaget til kommunestyra for vedtak. Medlemmene i IKPU har hatt ansvaret for kommunikasjon med det politiske miljø i eigen kommune.

Kommunestyra valte ordførar som representant til IKPU, med unntak av Alver som valte leiar i plan og miljøutvalet.

Det interkommunale planutvalet (IKPU) konstituert seg i første møte 13.11.2020.

- Hallvard Oppedal - Gulen – leiar
- Lars Fjeldstad – Osterøy - nestleiar

Arbeidsgruppa består av ein administrativ fagperson frå kvar kommune som skal bidra i utforminga av planen. Det er rådmann i kvar einskild kommune som har oppnemnd medlem til arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa har vore leia av Kristin Nåmdal (Alver kommune).

Region Nordhordland IKS (RNI) sin rolle i prosjektet er å vere ein fasilitator/tilretteleggjar og koordinator i prosjektet. Det er kjøpt inn planfagleg og kart ressurs frå Alver kommune.

For å sikre ein god planprosess og få tidlege avklaringar frå regionale myndigheiter vart det oppretta ei referansegruppe for myndigheitene. Dette for å kunne få gode innspel så tidleg som mogleg i prosessen. I tillegg til dei aktuelle myndigheitene deltok Havforskningsinstituttet og deira hovudoppgåve vil vere å rettleie og finne fram det beste faglege grunnlaget.

For å sikre ein god planprosess og få tidlege avklaringar og god kontakt med næringslivet og frivillige lag og organisasjonar vart det oppretta to referansegruppe:

- Næringslivet – representert med Nordhordland Næringslag
- Organisasjonar på regionalt nivå – som tek i vare friluft og miljøinteressene

Medverknad og dialog i planprosessen - generelt

Planarbeidet har som formål å sjå til at alle interesser i sjøareala og deira behov for areal blir lagt fram og vurdert. Dette gir dei politiske mynde ei betre grunnlag for sine avgjerd. Dei formelle prosedyrekrava er knytt til kommuneplanen, og interkommunalt plansamarbeid i samsvar med pbl. kap.9, og er skildra i pbl. kap. 5 og 11.

Planarbeidet og prosessen med å utarbeide plan kan grovt delast i dei fem fasane - (i) planprogramfase, (ii) planfase, (iii) høyringsfase, (iv) planvedtak og (v) gjennomføring.


Planprogrammet

Utarbeiding av planprogram (fase 1) utgjer den formelle oppstarten av planprosessen med varsling og kunnngjering. I dette planarbeidet har ein og invitert aktørane til å komme med konkrete arealinnspeil.

IKPU vedtok i møte 26.02.2021 å legge planprogrammet på høyring og offentleg ettersyn. Det vart lagt ut på heimesida til Region Nordhordland og med link til kommunane si heimeside. Det vart også kunnngjort i lokalavisene.


- Det var 45 stk som sendte innspel til planprogrammet
- IKPU vedtok planprogrammet 21.06.2021

Avgrensing – kva planen gjeld for og område



Planområdet omfattar sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal og gjeld berre for sjøområda. Det vil sei frå flomålet i elveosar og ned til og med sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja (sjå Fig.2).

Planområdet omfattar ulike sjøområde, frå open eksponert kyst til meir beskytta fjordar, store fjordbasseng og opne sund. Djupne, botntopografi, utskifting av vatn og eksponering varierer i stor grad.



I sjøen gjeld plan- og bygningsloven § 1-2 ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja, definert av dei yste holmar og skjær.

Det er mange ulike og aktuelle tema i området og der er stor skipstrafikk knytt til mellom anna Fensfjorden. Det gir føringar for korleis arealet kan disponerast, og korleis forvaltningsansvaret er fordelt.

Sjøområda si grense mot land er definert ved "generalisert felles kystkontur". Grensa går ved middel høgvatn

Til planen er det utarbeida eit kunnskapsgrunnlag om planområdet og arealbruken i dag. Planområdet går frå ope hav til innerst inne i fjordane. Bruken av sjøen og interessene er mange som mellom anna:

- Eit av dei mest trafikkerte sjøområda i Noreg med store tankbåtar – Fensfjorden
- Nasjonal laksefjord
- Lang historie med akvakultur og stor produksjon
- Friluftsliv – både lokale og for storbyen Bergen
- Tradisjonelt fiske
- Nokon område med utfordringar med forureining og utslepp

Det viser at dette området er noko av det mest kompliserte med omsyn til interesser og spenn i tema som er aktuelle. Dei fleste tema som er aktuelle ved planlegging i sjø vil vere eit tema i dette område.

Prosess – planforslag

Det vart gjennomført ulike samlingar og møte før utarbeiding av planforslag på regionalt nivå. Planforslaga er annonsert i lokalavisene og dei er lagt ut på heimesida til Region Nordhordland. Den einskilde kommune har lagt ut på heimesida med link til Region Nordhordland.

Etter 1. planforslag har det vore direkte dialog med regionale mynde og Statsforvaltaren for å ta opp og finne løysingar på konkrete utfordringar.

Representanten i IKPU har helde eigen kommune orientert om planprosessen og planforslaga som er lagt fram.

Oversikt over ulike dialogmøte/samlingar som har vore i prosessen.

År	Mnd	Målgruppe/interessent	Tema – status
2020	12	Regionale mynde	Informerte om planlagt planprosess og organisering. Dei ulike mynde kom med tilbakemelding og sine forventningar til arbeidet
2021	10	Regionale mynde	Arbeidsmøte Status Akvakultur – behov for strukturendringar – utfordringar Kunnskapsgrunnlag, KU avklaringar
2021	11	Referansegruppe for næring	Orientering om arbeidet Innspel frå næringa om deira behov for areal og rammer for drift. Det vart gitt innspel frå havbruk og fiskerinæringa og deira behov for areal.
2021	11	Akvakultur	Oppfølging av møte tidlegare i månaden der akvakulturnæringa kunne samordne sine innspel.
2021	11	Referansegruppe friluft, natur og miljø	Arbeidsmøte – orientering Vassforvaltning, friluftsliv, miljøstatus, laksefjord – status villaks og sjøaure
2022	2	Statlege og regionale mynde	Arbeidsmøte Status Innspel til kunnskapsgrunnlaget
2022	3	Statsforvaltaren	Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget Rammer og innhald for KU og ROS
2022	3	Statsforvaltaren	Oppfølging av tidlegare møte Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget Rammer og innhald for KU og ROS
2022	9	Statlege og regionale mynde	Overordna gjennomgang av plandokument og planforslag
2022	11	Opent møte – Knarvik Region Nordhordland Helsehus	Presentasjon av planforslaget
2022	11	Opent kontor	Alle som ville kunne ta kontakt for å få meir detaljert gjennomgang av forslaget

Planforslag og konsekvensutgreiing

Dette er omtalt i kap. 7 og 8 i planskildringa.

Konsekvensutgreiinga er laga med utgangspunkt i nasjonale, regional og lokale målsettingar og styringsdokument. Ein areal plan er på eit overordna nivå, og utgreiinga skal bygge på kjent kunnskap. Ved seinare utarbeiding av område- eller detaljregulering, eventuelt konsesjonsbehandling, kan det vera naudsynt å kartlegga ny kunnskap, eller å få fram tilhøve som ikkje er kjent i dag. Det er likevel lagt vekt på fagkunnskap i dei tilfelle der ein ser at det potensielt er stor fare for at viktige verdiar vil kunne gå tapt.

Det utarbeida «Kunnskapsgrunnlaget» er saman med informasjonen i dei mottekne innspela grunnlaget for KU og ROS. Med dette utgangspunkt og den skildra metoden er alle innspela vurdert. Basert på metoden for KU er innspela kategorisert i nivå av konfliktgrad (grøn, gul, raud) i høve til ulike fagtema og risikovurdering. Dei innspela som er med i planforslaget, totalt 36, er fordeling vist i tabellen under.

Samla vurderingar av enkeltinnspel		
12	13	11
Ingen eller få kjente vesentlege konsekvensar eller moglege konflikhtar. Etter ei samla vurdering på tvers av alle tema vert innspelet tilrådd.	Middels konsekvens / noko konfliktpotensial / moderat måloppnåing for enkelte tema. Etter ei samla vurdering av alle tema vert konfliktgraden og utfordringa vurdert til å vere for høg til at innspelet kan tilråddast.	Klar negativ konsekvens / stort konfliktpotensial og/eller låg måloppnåing og/eller uakseptabel risiko for eitt eller fleire tema. Etter ei samla vurdering, der eitt eller fleire tema kan vere tungtvegande, vert innspelet ikkje tilrådd.

Sjølv om tiltaket kjem ut i raudt, kan endringa vere positivt i høve til dagens bruk. Det gjeld mellom anna for omstrukturering av akvakultur, fjerne fleire lokalitetar og samle det på ein større. Gjort i tre område. Av dei lokalitetane som kjem i denne kategorien er konklusjonen for alle raud i KU og ROS, men basert på grunnlaget vi har samla sett og rammene for miljøtilhøve i føresegna bidreg dette til å betre situasjonen.

Arealinnspela som er med i planforslaget fordeler seg slik på tema og kommune.

Kommune	Akvakultur	Hamne-område / næring	Småbåt-anlegg/hamn	Skjelsand	Totalt
Alver	5			1	6
Austrheim	2			1	3
Fedje	1			1	2
Gulen	8				8
Masfjorden	4	2	5		11
Modalen			2		2
Osterøy	4				4
Totalt	24	2	7	3	36

*I Gulen - er lokalitetar til skjelsand som det er løyve på tatt inn i kartet for å få samsvar med gjeldande bruk, ikkje med i tabellen her.

Framlegg plan og høyringane

1. gongs høyring av forslag til interkommunal plan for sjøareal

- IKPU vedtok i møte 06.10.2022 å legge planen ut på offentleg høyring
- Det var 67 stk som sendte inn merknad til planen – 22 frå offentlege – resten privat og næring
- Alle merknadane vart gjennomgått i arbeidsgruppa
- Totalt var der 19 motsegn frå statlege og regionale mynde til planen, nokon gjaldt same tiltak men frå ulike
- Planen og forslag til endringar måtte sjåast på og der var dialogmøte med dei ulike aktørane for å kome fram til eit forslag som ville ha færre motsegn

2. gongs høyring av forslag til interkommunal plan for sjøareal

- IKPU vedtok i møte 16.03.2023 å legge planen ut på offentleg høyring for 2. gong
- Det var 37 stk som sendte inn merknad til planen – 13 frå offentlege – resten privat og næring
- Alle merknadane vart gjennomgått i arbeidsgruppa
- Totalt var der 10 motsegn til planen, nokon gjaldt same tiltak men frå ulike
- Det vart jobba vidare med planen og var samde om at der måtte gjerast endringar for å kome fram til eit planforslag som kunne bli vedteke. Det var dialogmøte med dei ulike aktørane.

3. gongs avgrens høyring av forslag til interkommunal plan for sjøareal

- IKPU vedtok i møte 16.06.2023 å legge planen ut på offentlig høyring for 3. gong
- Det var 17 stk som sendte inn merknad til planen
- Alle merknadane vart gjennomgått i arbeidsgruppa
- Totalt var der 4 motsegn til planen. Motsegn til føresegn vart løyst i dialogmøte. Slik at det var 3 konkrete areal som vart tatt til formelt meklingsmøte.
- I meklingsmøte med Statsforvaltaren 25.09.2023 vart 2 av arealforslaga løyst. Sat igjen med eit motsegn frå Kystverket og Statsforvaltaren til akvakulturområde på Fedje – Hjeltevarden. Fedje kommune vil sannsynlegvis anke den avgjerda til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd.

Når planen har vore ute på høyring så har det vore informert om planen i kommunane.